

NVE
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Høyringsfråsegn: Agledal Kraft AS – Søknad om løyve til bygging av Øvre Agledal kraftverk i Flora kommune, Sogn og Fjordane

Vi viser til høyringsbrevet dykkar av 18.03.2013 og til sakspapira som vi har lasta ned via internett. Takk for at vi fekk utsett høyringsfristen! Ettersom 13 saker i Flora og Bremanger var på høyring om lag samstundes, var det viktig for oss å få utsett fristen for nokre av sakene. Men trass i utsettinga, vil nok høyringsfråsegnene våre bli noko mindre grundige enn vanleg. Vi har avgrensa administrativ kapasitet. Men vi skal prøve å få fram dei viktigaste problemstillingane.

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå www.turistforeningen.no/sognogfjordane) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 16 lokale lag spreidd over heile fylket. Medlemstal ved siste årsskifte: 5.797. Øvre Agledal kraftverk ligg i Flora Turlag sitt arbeidsområde, sjå: <http://flora.turistforeningen.no/>. Mykje av nedslagsfeltet er i Indre Sunnfjord Turlag sitt område.

Om friluftsliv i området:

Det aller meste av nedslagsfeltet, med mellom anna Storevatnet og Jonstadvatnet og områda rundt, er **viktige** friluftsområde som er mykje brukte. Den nordaustlege delen av nedslagsfeltet, inklusive heile Storevatnet og området rundt, er del av eit større regionalt viktig friluftsområde som er mykje brukt. Men også stort sett heile resten av nedslagsfeltet er viktig og mykje brukt.

Turlaga har ein heil del aktivitet i nedslagsfeltet. Organisasjonar i Naustdal arrangerer også turar i området. (Dessverre har vi ikkje godt nok oversyn over det.) Men den største aktiviteten er nok i tilknytning til dei mange stølane og hyttene i området og i tilknytning til anna uorganisert friluftsliv. Aktivitetane er mellom anna turgåing til fots og på ski, fiske, bading, bruk av ulike slags båtar på vatna og bærplukking. Når det gjeld fisk, har vi fått opplyst at det i Storevatnet er gjennomført ganske omfattande kultiveringsarbeid, og at det der no er stor, fin fisk. Fisk på opptil 4 – 5 kg har vorte nemnt for oss. I Jonstadvatnet har vi opplysningar om garnfangst av fisk på 2 kg, men der skal ikkje den vanlege fisken ein får på stang, vere så stor. 200 g har vorte nemnt. I elva nedstrøms Jonstadfossen går informasjonen vi har fått ut på at der er det mykje fisk, men ”berre småfisk”.

Sjølve utbyggingsområdet er, etter dei opplysningane vi har fått, mindre brukte til friluftsliv enn områda oppe i nedslagsfeltet. Men det er ei rekkje hytter i den øvre og midtre delen av Agledalen, og i tilknytning til desse hyttene vert det drive aktivt/til dels svært aktivt friluftsliv. Dessutan er det ein del andre også som går oppover Agledalen, men det skal ikkje vere så veldig mange i dag. Likevel: Det er heilt klare konflikhtar mellom friluftsliv og Øvre Agledal kraftverk. Særleg gjeld dette den øvre delen av utbyggingsområdet, den som tidlegare har vore omsøkt som Øvre Agledal kraftverk, sjå Biologirapporten for den delen av området. Den delen av utbyggingsområdet som tidlegare har vore omsøkt som Midtre Agledal kraftverk, sjå Biologirapportn for den delen, vurderer vi som ein del mindre konfliktfylt med friluftsliv enn den øvre delen. Den flotte Jonstadfossen er i øvre del.



Hovudinnfallsportane til friluftsområdet i nedslagsfeltet for utbygginga, er frå Naustdal kommune. Men vi har fått opplyst at eigarar på Jonstadstølen også brukar Langedalen/Agledalen som innfallsport fordi det er mindre høgdeskilnad når ein går den vegen enn når ein går frå Naustdalssida.

I samband med bygging av 420 kV-linja Ørskog – Sogndal skal den eksisterande, svært dårlege vegen oppover Agledalen utbetrast, etter det vi har fått opplyst. (Vi har også fått opplyst at vegen til Agledalen vil bli bomveg, men vi er usikre på om dette stemmer. Kanskje utbyggarane veit meir om dette?) Dette vil heilt sikkert føre til auka bruk av vegen, og dermed større bruk av den midtre og øvre delen av Agledalen til friluftsliv. Det er derfor all grunn til å tru at konflikten mellom Øvre Agledal kraftverk og friluftsliv vil auke i åra framover.

2 Kommenterarar til utbyggingsplanane:

2.1 Hovuddata/Hydrologi: For Øvre Agledal kraftverk vert det oppgitt mellom anna følgjande tal under Tilsig:

- Middelvassføring: 1.530 l/s.
- Alminneleg lågvassføring: 83 l/s = 5,4% av middelvassføringa.
- 5-persentil sommar: 97 l/s = 6,3% av middelvassføringa.
- 5-persentil vinter: 92 l/s = 6,0% av middelvassføringa.

Vi har samanlikna desse tala med tilsvarande tal for Langedal kraftverk som har inntaket 7 høgdemeter nedanfor kraftstasjonen for Øvre Agledal kraftverk. Tala for Langedal kraftverk er:

- Middelvassføring: 1.716 l/s. (Stemmer godt overeins med talet for Øvre Agledal kraftverk!)
- Alminneleg lågvassføring: 226 l/s = 13,2% av middelvassføringa.
- 5-persentil sommar: 291 l/s = 17,0% av middelvassføringa.
- 5-persentil vinter: 236 l/s = 13,8% av middelvassføringa.

Kommentar: Middelvassføringa for dei to kraftverka stemmer godt overeins. Ser ein på dei 3 andre tala, er det derimot **store** avvik. Så store at ”eitt eller anna må vere riv ruskande gale”, for å bruke eit Sunnfjord-uttrykk. Vi har ikkje kompetanse til å seie kvar feilen ligg, men vi ”mistenkjer” jo at dei 3 tala for Øvre Agledal kraftverk må vere heilt feil. **Vi ber NVE bruke sine fagfolk til å vurdere tala for Alminneleg lågvassføring, 5-persentil sommar og 5-persentil vinter for Øvre Agledal kraftverk. Dette er svært viktige tal, og det er heilt uakseptabelt med alvorlege feil i desse!**


Fastsetting av minstevassføringa må basere seg på korrekte tal for 5-persentilar. I dette tilfellet, der Jonstadvossen (kloss nedstrøms inntaket) er eit viktig landskapselement, og det dessutan er ei fossesprutsone i tilknytning til fossen, må dessutan minstevassføringa, spesielt sommarvassføringa, settast vesentleg høgare enn den korrekte 5-persentil sommar. **Vi ber NVE fastsette ei kraftig auka minstevassføring! Sommarminstevassføringa bør vere 50% av middelvassføringa for å få litt ”liv” i fossen og for å ivareta fossesprøytsona.** NB! Viss inntaket blir flytta ned til ca. kote 292, vil korrekte 5-persentilar sommar og vinter vere akseptable minstevassføringar.

2.2.4 Inntak: Etter vårt syn er den konsesjonssøkte plasseringa av inntaket ikkje akseptabel, og vi ber om at det blir flytta ned til der inntaket for det tidlegare planlagde Midtre Agledal kraftverk var planlagt, ca. på kote 292! Grunngeving for dette ønsket/kravet frå vår side er mellom anna:

- Landskap: Den flotte Jonstadvossen, som ligg kloss nedanfor inntaket, vert spart. I Fylkeskommunen sin ”Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging” er Jonstadvossen ein av dei 11 fossane/stryka i Flora kommune som er viktige landskapelement. Sjå Vedlegg 1.
- Biologisk mangfald: Fossesprutsone i tilknytning til Jonstadvossen vert spart.
- Sårbar høgfjellsområde: Inntaket og den øvste delen av røyrkata vil ligge i eit slikt område.

- Konflikt med friluftslivet: Sjølv om bruken av området i dag ikkje er så veldig stor, er det potensiale for auka bruk grunna opprustinga av vegen i samband med 420 kV-linja. Dessutan er Jonstadvossen eit viktig landskapselement for friluftslivet.
- Konflikt med private hytter: På fotoet nedanfor, som er henta frå www.fylkesatlas.no ved bruk av "Norge i bilder", har vi ringa inn med raudt 5 bygningar, der i alle fall 4 av dei er i aktiv bruk som hytter. For den som er ringa inn ved utløpet av Jonstadvatnet, nede til høgre på biletet, er vi i tvil om kva slags bygning det er, om det er ei hytte eller noko anna. Uansett er dette den minst viktige av dei 5, fordi den ligg så langt oppstrøms inntaket at den neppe vert påverka i særleg grad.

Dei 3 innringa hyttene som ligg nedstrøms inntaket, hentar drikkevandet sitt frå elva. Viss minstevassføringa blir som omsøkt, og det er varmt og tørt om sommaren, vil kvaliteten på drikkevandet kunne bli forringa grunna høgare vassstemperatur og meir konsentrert ureining enn i dag. Det er fleire andre hytter som vert meir eller mindre påverka av utbygginga. Dei ligg nærare kraftstasjonen, og ikkje så tett ved elva som dei på fotoet nedanfor.



NB! Ved plassering av inntaket på ca. kote 292, er det viktig at toppen av dammen ikkje vert lagd så høgt at inntaksbassenget vil påverke, heller ikkje ved flaum, nokon av dei 3 hyttene langs det flate elvepartiet oppstrøms dammen.

2.2.5 Vassveg: Eit røyr med ein diameter på 160 cm, er eit stort røyr, og der dette må sprengast ned i fjellet, vert inngrepa store! I området med dammen og den øvste delen av røyrkata (ca. 200 m?) som er i kategorien Sårbare høg fjellsområde, må nettopp røyrkata sprengast ned i fjellet, nokså djupt ned også, fordi terrenget røyret skal gjennom er høgare enn inntaksbassenget. Inngrepa i samband med dette er eit argument for at inntaket bør flyttast ned til ca. kote 292. Der blir inngrepa klårt mindre.

Vi er litt kritiske til at røyrkata skal krysse elva. Viss inntaket vert flytta til ca. kote 292, kan det vere mogeleg å flytte heile røyrkata over på nordsida av elva. Då får ein samla inngrepa frå røyrgate og veg, noko som vil vere ein fordel. Men ettersom vi ikkje har hatt tid til å reise på synfaring, så har vi ikkje vurdert dette spørsmålet ”i terrenget”. Derfor kan det vere fordelar med å legge den første delen av røyrkata på sørsida av elva som vi ikkje har sett. Vi skal derfor her og no ikkje påstå at det beste er å legge heile røyrkata på nordsida viss inntaket vert flytta ned til ca. kote 292. **Men vi ber NVE vurdere dette spørsmålet under sluttsynfaringa.** NB! Sjå også under punkt **3.19** i fråsegna.

2.2.6 Kraftstasjon: Vi har ingen spesielle merknader når det gjeld kraftstasjonen.

2.2.8 Vegbygging: Utbyggaren sitt ønskje om ein permanent veg fram til inntaket, er enda eit argument for at inntaket bør flyttast ned til ca. kote 292. Ein permanent veg fram til inntaket vil bety relativt store inngrep i eit delområde som i dag er relativt inngrepsfritt. Det går rett nok ei 66 kV kraftlinje der i dag, men det er kjent at den linja skal fjernast i løpet av nokre år. (Kanskje innan 10 år?) Etter det blir det ”berre” 2 kraftlinjer i området, ei 420 kV og ei 132 kV, men dei linjene blir på nordsida av elva, og ikkje på sørsida der den nye permanente vegen til inntaket er planlagt. Viss inntaket vert flytta til ca. kote 292, vert det minimal trong for ny veg fram til inntaket, og røyrgate-traseen vil i stor grad kome i nærleiken av dei 2 store kraftlinjene.

Når det gjeld vegbygginga i tilknytning til kraftstasjonen, har vi for så vidt ingen merknader til den, men viss det skulle bli gitt konsesjon til bygging av Langedal kraftverk, bør vegen fram til kraftstasjonen for Øvre Agledal kraftverk samordnast med vegen fram til inntaket for Langedal kraftverk, slik at både dei samla inngrepa og dei samla kostnadane for dei 2 kraftverka vert reduserte.

2.2.10 Netttilknytning: Vi har ingen spesielle merknadar til planane. Viss det skulle bli gitt konsesjon til Langedal kraftverk, reknar vi meg at kabellegging og linjebygging vert samordna på den strekninga der det er aktuelt.

2.6 Tilhøvet til offentlege planar og nasjonale føringar:

Under dette punktet er tilhøvet til 2 av dei aller viktigaste planane/nasjonale føringane ikkje omtala i det heile. Det burde dei vore, for begge er viktige i denne saka! Desse er:

1. ”Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging”, vedteken av Sogn og Fjordane fylkesting 11.12.2012. I denne planen er Jonstadfossen med på lista over fossar og stryk som er viktige landskapselement. I Flora kommune er fossen ein av 11 fossar som står på lista, sjå Vedlegg 1 sist i denne fråsegna.
2. OED sine vedtekne ”Retningslinjer for små vannkraftverk”. I dei retningslinjene er mellom anna både Verdfulle landskapselement, Biologisk mangfald, som fossesprøytoner, og Sårbare høg fjellsområde viktige tema som er aktuelle for denne konkrete utbygginga.

3 Kommentrar til verknadane av utbygginga:

3.1 Hydrologi: Vi viser til det vi har skrivne tidlegare i fråsegna om tala for Alminneleg lågvassføring, 5-persentil sommar, 5-persentil vinter, og om minstevassføring. Vatna i nedslagsfeltet, og særleg dei store, Storevatnet og Jonstadvatnet, verkar utjamnande på Alminneleg lågvassføring og på 5-persentilane. Desse verdiane vert høgre i vassdrag med så pass store innsjøar. Derfor er vi for vår del ikkje i tvil om at dei låge tala som står for desse i konsesjonssøknaden, må vere feil. **Men det er NVE som må bruke sin fagkompetanse til å vurdere dette spørsmålet!** Vi driv ”synsing”.

3.5 Raudlistearter og 3.6 Terristrisk miljø: Vi har ikkje vurdert dette på ein skikkeleg måte, og reknar med at Fylkesmannen og NVE sine fagfolk gjer det. Flytting av inntaket ned til ca. kote 292, vil vere ein fordel på desse fagområda. Likeins auka minstevassføring ved konsesjonssøkt inntak.

3.7 Akvatisk miljø: Påstanden om småfallen fisk i Storevatnet stemmer absolutt ikkje med dei opplysningane vi har fått frå ein som har fiska i vatnet. For Jonstadvatnet, stemmer det delvis.


3.9 Landskap og INON: For INON har vi ingen merknader. Når det gjeld landskap, så vil vi peike på den store verdien Jonstadvassfossen har. Når ein samanliknar middelvassføringa på 1.530 l/s med den omsøkte minstevassføringa på 83 l/s heile året, så vil ein sjå at fossen i alle normale situasjonar vert fullstendig utradert. Under dei store flaumane, i snøsmeltinga om våren og når det er langvarig styrtregn om hausten, vil fossen framleis bli flott. Men kven er det som er oppe i området og får oppleve fossen då? Nesten ingen, vil vi tru! For dei aller, aller fleste besøkande vil fossen framstå som ein ”siklebekk” viss den skulle bli utbygd slik som konsesjonssøkt.

3.13 Ferskvassressursar: Etter dei opplysningane vi har fått, stemmer det at det ikkje er vassforsyningsanlegg som vert påverka. Men det vert henta drikkevatt i elva, og når den får tilført ureining frå utmarksbeite, så kan det gå ut over kvaliteten på drikkevattet viss minstevassføringa er for låg.

3.14 Brukarinteresser: Vi viser til det vi har skrive om friluftsliv tidlegare i fråsegna.

3.19 Samla vurdering: Vi er sterkt ”forundra” over nokre av vurderingane. Andre er vi noko ”mildare” ueinige i. Kommenterarar:

- **Ferskvassressursar:** Viss minstevassføringa vert så låg at vasskvaliteten på drikkevattet til hyttebrukarane vert øydelagd på varme tørre sommardagar, vert det stor negativ konsekvens!
- **Brukarinteresser:** Kva slags vurdering er det som ligg til grunn for at det blir Middels positiv konsekvens for brukarinteresser??? For oss framstår ei slik vurdering – sagt svært udiplo matisk – som det reine tøv! Det einaste positive for brukarinteresser vi kan sjå, er viss vegen til Agledalen vert utbetra og vert gjort tilgjengeleg med bil for ålmenta – eventuelt ved betaling av bompengar. Det vil lette tilgangen til friluftsområda i den øvre delen av Agledalen og eventuelt vidare oppover i nedslagsfeltet. Men denne eventuelle (positive) konsekvensen kjem jo frå bygginga av 420 kV-linja og ikkje frå kraftutbygginga. Sjølv kraftutbygginga kan vi ikkje sjå fører til ein einaste reell positiv konsekvens for friluftslivet, berre negative. Kanskje med så og seie-tørrelegginga av Jonstadvassfossen som det aller mest negative, men det er mykje anna negativt også. Middels negativ konsekvens for brukarinteresser vil etter vårt syn vere ei meir fornuftig vurdering.
- **Landskap og INON:** Kva slags kompetanse på landskapsvurdering har den konsulenten som skal ha vurdert nesten-tørrelegginga av Jonstadvassfossen i størstedelen av året til å ha Ubetydeleg konsekvens??? Ei så tøff tørrelegging, ned til 5,4% av middelvassføringa, av ein så flott foss, har Stor negativ konsekvens. Og denne vurderinga blir jo forsterka av alle dei andre planlagde store landskapsinngrepa, mellom anna dammen og nedsprenkinga av røyrgata ut frå den, og nesten-tørrelegginga av resten av elvestrekninga bortsett frå naturlege hølar.
- **Kulturminne og kulturmiljø:** Sjølv om der ikkje skulle vere automatisk freda kulturminne i Agledalen, er det likevel så mange nyare tids kulturminne at konsekvensen blir noko anna enn Ubetydeleg. Som det går fram av kopien frå www.fylkesatlas.no øvst på neste side, vil SEFRAK-registerte ”MURAR ETTER KVENNUS OG SAG” bli fullstendig utraderte av røyrgatetraseen (der den kryssar elva), slik den er planlagt. Er ikkje ein utbyggjar pålagt å informere om slikt i ein konsesjonssøknad??? **Vi oppmodar NVE om – eventuelt i samråd med Fylkeskommunen sine fagfolk – sterkt å vurdere å krevje ei omlegging av røyrgatetraseen slik at ein unngår øydelegging av dette SEFRAK-registrerte kulturminnet.** NB! Det er ytterlegare 4 SEFRAK-registreringar i Agledalen i tillegg den som er omtala ovanfor. På neste side er desse markerte med raude ringar. Den som har fått ekstra tjukk strek på ringen, vil også høgst sannsynleg **bli totaløydelagd** viss det ikkje blir teke omsyn til den!



3.20 Samla belastning (av fleire utbyggingar): Vi er einige i at dei 2 store kraftlinjene vil dominere landskapsbiletet i Agledalen, men ikkje i same grad i heile dalen, og ikkje i ein slik grad at vi vil ”frikjenne” det planlagde kraftverket. Øvst oppe i Agledalen vil faktisk nesten-tørrelegginga av Jonsstadfossen og dei store inngrepa i samband med bygginga av dammen og nedsprenninga av røyrkata, framstå som eit betydeleg meir negativt inngrep enn kraftlinjene. Lenger nede i dalen, blir det motsett, der blir kraftlinjene mest dominerande. Dette er enda eit argument for å flytte inntaket ned til ca. kote 292.

Sett frå vår synsstad, er **fossar og stryk som er viktige landskapselement**, viktige å sjå på ut frå eit ”samla belastnings-perspektiv”. I Fylkeskommunen sin ”Regional plan med tema knytt til vasskraft-utbygging” er det i Flora kommune opplista 11 slike fossar. Sjå Vedlegg 1 sist i fråsegna. Av desse 11 fossane er i dag 2 tørrlagde, medan 2 har fått sterkt redusert vassføring. Ein har fått konsesjon, men er fram til no ikkje utbygd. Av dei resterande 6, er 4 konsesjonssøkte for utbygging i den såkalla Flora-pakken. (I Øvre Agledal kraftverk, Hestedalsvatnet kraftverk, Løkkebø kraftverk og Langedal kraftverk.) Dessutan er utbygging av Grønskredfossen konsesjonssøkt. Den står ikkje på lista over dei 11 fossane i Flora, men det skuldast nok ”ein glipp”, for Grønskredfossen fortener så absolutt ein plass på den lista! Då står det berre 2 fossar att på lista, og dei er kanskje ikkje 100% sikra mot utbygging dei heller, i alle fall ikkje begge!

I vår prioritering kjem både Hestedalsfossane, Grønskredfossen og Lykkjebøfossen høgre opp på lista enn Jonstadfossen. Men Jonstadfossen er også ein flott foss som framleis bør få renne fritt! Sumverknader på biologisk mangfald, til dømes fossesprutsoner, er også eit viktig tema når det gjeld samla belastning, men det har ikkje vi vurdert.

Andre interesser som ikkje er omtalte eller vurderte i konsesjonssøknaden:

Som både NVE, og sikkert også utbyggarane, kjenner til, finst det ikkje reglar om nabovarsel i samband med småkraftutbyggingar. Den einaste forma for varsel, er ei annonse i lokalavisa, og den er

det ikkje alle som får med seg. Spesielt ikkje viss den som eig ei hytte/eit hus/eit naust/ei tomt bur i eit område i landet der det ikkje er naturleg å abonnere på den aktuelle lokalavisa. Dette betyr i aller verste fall at ein hytteeigar, huseigar, nausteigar eller tomteeigar ikkje får vite noko som helst om ei småkraftutbygging før etter at anleggsmaskinene har starta opp i nærområdet til eigedomen hans. **Vi synest mangelen på plikt for kraftutbyggarar til å sende nabovarsel er ei dårleg ordning som NVE bør ta initiativ til å få gjort noko med!**

Ettersom vi har hatt så mange saker å jobbe med i seinare tid, har vi ikkje hatt tid til å sjå nærare på kven som er hytteeigarar i området, i kva grad dei er informerte om utbyggingsplanane og at dei har vorte lagde ut på høyring med høyringsfrist. Vi reknar ikkje dette som ”vår jobb” å gjere heller.

Vi synest det er både ”påfallande” og kritikkverdig at utbyggaren – så vidt vi kan sjå – ikkje har nemnt dei private hytteeigarane med eitt einaste ord i konsesjonssøknaden. Det einaste vi har sett (vi ber om orsaking viss vi har oversett noko!) som indikerer eksistensen av ei privat hytte, er biletteksten til Figur 4 i den Biologisk mangfaldrapporten som omhandlar det opphavelige Øvre Agledal kraftverk. (Side 10 i den rapporten, side 30 (av 60) i det nedlasta Vedlegget til konsesjonssøknaden.)

Vi oppmodar NVE om:

- å krevje at utbyggarane lagar ei liste, med kartfesta plassering, over alle hytter som ligg så nær utbyggingsområdet at dei vert visuelt påverka av inngrepa frå utbygginga inklusive den reduserte vassføringa i elva. Lista bør innehalde informasjon om i kva grad hytteeigarane hentar drikkevatnet sitt frå den delen av elva som får redusert vassføring.
- å krevje at utbyggarane gjer greie for om, og i tilfelle korleis, dei har orientert alle hytteeigarane om kraftutbyggingsplanane, om at dei var sende på høyring, og om at hytteeigarane er høyringsinstansar.

Samandrag av Turlaget sitt syn på utbygginga:

Sogn og Fjordane Turlag aksepterer bygging av Øvre Agledal kraftverk under den uttrykkelege føresetnaden at inntaket vert flytta ned til ca. kote 292, slik som tidlegare omsøkt i Midtre Agledal kraftverk. Med ei slik flytting av inntaket, meiner vi at konfliktane kjem ned på eit akseptabelt nivå.

Ei utbygging med den no konsesjonssøkte plasseringa av inntaket, går vi sterkt mot!

Grunngjevinga for dette synet, reknar vi med går godt nok fram av det vi har skrive tidlegare i fråsegna.

Sakshandsamar hos oss er underskrivne, tlf. 57 82 69 05, E-post: alvar-m@online.no.

Venleg helsing
for SOGN OG FJORDANE TURLAG
Naturvernutvalet

Alvar Melvær (sign.)

Vedlegg 1:

Fossar og stryk som er viktige landskapelement. Kopi frå: ”Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging”. Berre dei 11 fossane i Flora kommune er relevante for denne saka.

Namn	Kommune	Lokalisering/merknad	Vasskraftprosjekt - kjent?	Vassføring
Foss frå Handklevvatnet ned mot Sjørdalen	Bremanger		Handklevvatnet er regulert.	Redusert
Elv frå Hjelmevatnet	Bremanger		Ja	Tørrlagd
Storefossen	Bremanger	Mellom Storefossvatnet og Litlevatnet	Ja	Tørrlagd
Svelgsfossen	Bremanger		Ja	Tørrlagd
Agledalsfossen	Flora	Agledalselva mellom Storebru og Svarthomle, Oselvassdraget	Nei	Naturleg
Brudesløret	Flora	Haukåa	Avslag	Naturleg
Elv frå Stølstjørna	Flora	Vest for Brudesløret	Konsesjon	Naturleg
Hestedalsfossane	Flora	Nordalselva, fossar mellom Hestedalsvatnet og Litlevatnet	Avslag	Naturleg
Jonstadfossen	Flora	Inst i Agledalen, nedstrøms Jonstadvatnet, Oselvassdraget	Krav om konsesjonssøknad	Naturleg
Løkkebøfossen	Flora	Oselvassdraget	Søknad i kø?	Naturleg
Fessene	Flora	Mellom Fessevatnet og Storevatnet, Nordalselva	ja	Redusert
Foss frå Grisebotsvatnet	Flora	v. Brudesløret	Ja	Tørrlagd
Storebotsfossen	Flora	Mellom Nedre Storebottsvatnet og Fessevatnet, Nordalselva	Ja	Tørrlagd
Hovlandselva	Flora	Vest for Eikefjord sentrum	Ja	Redusert
Gyrefossen	Flora	Mellom Blåmannsvatnet og Vassetvatnet	Nei	Naturleg

Tabell 3.2.1 Registrering av fossar/ stryk; viktige landskapelement